



Anders Johansen
Kvamsvåg 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3262 - 14/12330

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.05.2014

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 141/48 - Kvamme Nedre

Teknisk drift syner til søknad datert og førehandskonferanse 21.05.2014 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og kant kommunal veg skal være minimum 0,9m.
- Overvatn som vert leia bort frå gbnr 141/48 må leiast til kistegrøfta som går under kommunal veg. Overvatnet skal leiast til kistegrøft i eget rørsystem. Søkjar må sørge for at kistegrøft og omkringliggende dreneringssystem kan ta i mot alt overvatn som vert tilført systemet.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak og innstøpt rør til kistegrøft grunna plassering i forhold til kommunal veg. Skade som oppstår på mur og rør i samband med drift og vedlikehald av kommunal veg og veggrøft er kommunen uvedkommande. Skade som oppstår på tiltaket skal utbetrast av søkjar.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar foreventuelle skader som oppstår på veg og eigedom som følgje av manglande kapasitet på overvassystem.
- Før dreneringssystem vert sett i drift skal det være ei synfaring der teknisk drift går igjennom systemet saman med søkjar.

Det er med heimel i Veglova § 29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endingar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildsopen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Nytt situasjonskart gbnr 141-48

Kopi til:

Lindås kommune ved vegdrift
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Anders Johansen

Kvamsvåg 26

5911

ALVERSUND